

# Prekenverkstedet



Den Norske Israelsmisjon

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

## 2. søndag i fastetida – 12.mars 2017

Preiketekst: Matt 15,21-28

Lesetekst I: 1 Mos 32,24-30

Lesetekst II: Jak 1,2-8

## Bøn i grenseland

### Dagen

Dagens tre tekstar har eit tydeleg felles tema: bønekamp. Temaet er slik uttrykt i bøn for dagen: *«Allmektige Gud, himmelske Far, du som høyrer oss når vi ber om di hjelp, vi ber deg: Gjer oss visse i trua på din nåde og di miskunn, så vi held fast ved ditt ord, sjølv om vi er uverdige. Lat oss i all motgang, naud og freisting finne hjelp og redning hos deg....»*

Jakobs kamp med Gud handla om å bli velsigna, i Jakobs brev frå NT er særleg bøn om visdom nemnt – altså åndelege gåver. I dagens preiketekst blir det presentert eit åndeleg problem: ei jente som var plaga av vonde ånder. Skal vi i dette sjå ein peikepinn om at den eigentlege bønekampen gjeld at Gud må få makt over det vonde? Å misse trua på Guds makt, å gje rom for «den ånd som gjer motlaus», er ei freisting for oss som trur, uttrykker bønna ovanfor.

### Grenselandet

Jesus dreg nordover frå området ved Gennesaret, der han ikkje berre har hatt travle dagar med å lækje sjuke, men også hadde vorte konfrontert av utsendingar frå den religiøse makt-eliten i Jerusalem, fordi han og læresveinane tok det for lettvinnt med «overleveringane frå dei gamle» - konkret: dei vaska seg ikkje forskriftsmessig før dei åt. Kanskje for å få ei pause frå dette, vandrar dei mot det heidenske nabo-området, der dei ganske visst ville bli endå meir «ureine». Dette er vel det beste bevis på at Jesus heva seg over menneskeskapte grenser, både åndeleg og fysisk. Tyrus og Sidon, Fønikia, høyrde til den romerske provinsen Syria. På vegen dit vert Jesus møtt av den heidenske kanaaneiske kvinna.

### Ikkje fred å få

Jesus er kjend og etterspurd både i eige land og nærliggande område. Han har tidlegare kome ein heidning til hjelp, offiseren i Kapernaum – han som budde mellom jødane og som hadde gjort mykje for synagogen deira. Det verka som desse ikkje-jødane visste at Israels gudsrelasjon var eksklusiv – likevel nærma dei seg Jesus, han som var annleis. Kvinna i teksten vender seg til «Davids son». Til no har det vore slik at vegen til den sanne Gud gjekk gjennom å la seg innlemme i det utvalde folket. Men med Jesus er Gudsriket i kjømda.

Situasjonen vert godt skildra i evangeliefortellinga; vi kan slå følge med dei på vegen og oppleve den pinlege situasjonen. Den som kjem dei i møte og held fram med å mase, sjølv om dei har gått stillteiane forbi, er både kvinne og heidning. Læresveinane si oppmoding «Bli ferdig med henne; ho går og ropar etter oss» kan både vere uttrykk for at dei unna Meisteren litt fred – og ei utfordring: «Dette kan du enkelt løyse ved å hjelpe henne...»

Matteus brukar mykje plass på situasjon og ordveksling, medan han til slutt kort og enkelt

konstanterer: Og dottera vart frisk frå same stunda. Det seier oss at denne dialogen er viktig.

## **Dialogen**

er frå først av einetale, men etter kvart let Jesus seg engasjere. Er han offer for ein provokasjon? Er han utanfor sitt «distrikt»? Vert han påverka av menneskeleg nød? Vi kjenner frå andre situasjonar at han både er i stand til å synast synd i menneske og å verdsette den tiltru dei viser han. Kva er grunnen til at han synes å vere så motvillig?

## **Jødar og heidningar**

Ein gammal bibelkommentar (S. Odland – ein imponerande lang periode): «Imøtekom han den kananæiske kvindes begjæring, vilde han let kunne bli ført ind i en mere omfattende virksomhet blandt Fønikiens hedninger, og derved vilde han, navnlig efterat han netop hadde vendt folket i Galilæa ryggen, bli til et uovervindelig anstøt for sit eget folk, endog for dem blandt dette folk som endnu var mottakelige for frelsen.»

Min time er enno ikkje komen, seier han ved eit anna høve.

## **Barn og hundar**

Dei små hundane heldt også til innomhus, men hadde sjølvsagt ein heilt anna status enn barna i huset. Så lenge barna trong mat, vart det ikkje noko på hundane. Uttrykket «hund» er ikkje nødvendigvis så negativt som det kan klinge i norske øyre. Kanskje vi heller kan snakke om prioritert rekkefølge? «For jøde først», seier Paulus (Rom 1,16).

Eit apropos til dette: *Misjonsblad for Israel* byter no på nyåret namn til *Først*, og DNI's generalsekretær seier:

«Navnet *Først* er hentet fra apostelens og Den Norske Israelsmisjons programerklæring om at Evangeliet er Guds kraft til frelse – for jøde først (Romerbrevet 1,16). Det universelle budskapet, som vi har fått overlevert og tror på, har vi fått fra jødene, og tilhører først og fremst dem. *Først* vil bidra til å bygge broen mellom den jødiske og kristne verden.»

I alle fall vert det ved dette høvet meir enn smular på heidningekvinna, og dermed eit frampeik på at Jesus og evangeliet er for alle folkeslag – men utan at det jødiske folk skal ligge hjelpelause att der bak på vegen ein stad.

## **Den hjelpelause bøna**

er den *eigentlege* bøna. Den hjelpelause bøna pussar ikkje på formuleringar, men trenger seg fram frå eit fortvilt hjarte. Ho som ber veit at ho er uverdige – i motsetning til farisearen i tempelet, som Jesus brukar i eksempelfortellinga om bøn og bøne-innstilling. August Herman Francke seier i ei preike: "*Hun har ingen Bønnebog og dog kan hun bede*". Der ligg det nok eit korrektiv til både korrekte jødar og ein del bøner i kristne forsamlingar.

## **Annbjørg Eiksund Hesselberg**

Tildlegare tilsett i Den Norske Israelsmisjon. Redaktør for Prekenverkstedet.

[annbjorg.hesselberg@ntebb.no](mailto:annbjorg.hesselberg@ntebb.no)